

Spørsmål og svar webinar «Pålogging til tjenester i ID-porten for europeiske brukere» Webinardato: 19. juni 2025

Q: Når kommer Finland på?

A: Finland har utgåande integrasjon på plass (sameleis som Norge), men me veit ikkje per no når dei får sin proxy-service innført, dvs at finske brukarar kan gå inn på norske tenester. Kjem tilbake med info når me veit meir.

Q: Støtter ID-porten nivå4-signering frå utlandet?

A: Nei, ingen støtte for dette i norsk eSignering. Vurdere å legge til støtte for autentisert signatur med eIDAS innlogging, men ingen planer for avansert eller kvalifisert signatur. Når det gjeld autentisering så kan vi legge til at ID-porten støttar innlogging på nivå "betydelig" og "høyt" ("høyt" tilsvarar tidlegare begrep «nivå 4»).

Q: Når vil det være mulig å be om flere eidas_ attributter? EORI nummer er et behov.

A: Me har ikkje umiddelbare planar om å støtte fleire eIDAS-attributter. Men send gjerne inn behov til servicedesk@digdir.no.

Q: Finnes det noe lignende adressesperre ("kode 6 og 7") for utenlandske statsborgere?

<https://www.kins.no/informasjon/verktoeykassa/asperre/kode-6-og-kode-7/>

A: Me tek ikkje i mot adresse i dag frå utanlandske eIDAS-noder og når me opnar opp for norske innbyggjarar, så vil me heller ikkje utlevere adresser frå Folkeregisteret til utanlandske tenester. P.t. støttar me berre dei 4 obligatoriske eidas-attributtane: eidas-identifier, førenamn, etternamn, fødselsdato. Så dette må undersøkjast og vurderast seinare om det i framtida vil bli aktuelt å ta i mot utanlandske adresser gjennom eIDAS.

Q: Jobbes det med integrasjon mot Nederland?

A: Ja, det vil komme på plass ganske snart. Det er lagt til rette for dette fra Nederland. Det må ein liten konfigurasjonsendring til i ID-porten, så er det på plass.

Q: Er det mulig å 'melde seg på' ett eller annet sted for å følge fremgangen mot Nederland?

A: Ein finn oppdatert status på land som er tilkopla på EU sitt eIDAS Dashboard på denne nettsida: <https://eidas.ec.europa.eu/efda/browse/notification/eid-chapter-contacts/NO> Og det vil også komme ein meir detaljert oversikt på [Digdir Docs](https://docs.digdir.no/docs/idporten/oidc/oidc_func_eidas.html) -> https://docs.digdir.no/docs/idporten/oidc/oidc_func_eidas.html

Q: Me har tenester på Altinn - vil me kunne få lagt til rette slik at utanlandske brukarar kan logga på og bruke desse tenestene?

A: Ja, det vil etter kvart bli lagt til rette for at utenlandske brukere vil kunne logge på Altinn 3 tenester. Det gjenstår ein del detaljar og testing før det er klart. Vi vil komme tilbake til temaet i Altinn-kaffe i løpet av hausten. Oppfordrar også til å fylgje med på Samarbeidsportalen for nyheiter.

Det er fleire måtar å legge til rette for utanlandske brukarar.

- eIDAS-noden er tilgjengeleg og kan brukast for europeiske brukarar med notifisert eID (og fra land som er integrert i noden).
 - https://docs.digdir.no/docs/idporten/oidc/oidc_func_eidas
- Vi utviklar no MinID Selvregistrert, som skal erstatte dagens løysing for sjølvregistrerte brukarar i Altinn. Teenesta er retta mot personar utan norsk fødselsnummer eller D-nummer, og gir anledning til å opprette digital identitet utan norsk nasjonal identifikator.
 - <https://github.com/digdir/roadmap/issues/240>

Q: Dersom eidas id ikke er persistent, hvordan skal vi knytte eidasbruker til bruker i sluttbrukersystem?

A: Fleire land me kjenner til som dei nordiske (minus Danmark) og baltiske landa har persistent ID. Som eksempel kjem me til å utlevere F-nr/D-nr for Norge. Derimot for andre land kan det vera id som endrar seg med utstedelse av eID. Dette er opp til kvart land å avgjere, og ikkje noko me kan påverke. Det er dei 4 obligatoriske eIDAS-attributtane (forenamn, etternamn, fødselsdato, eidas-identifiser) de kan nytte for å koble brukaren hos dykk. Heimland til brukaren er gitt gjennom eidas-identifiser.

Q: Tilbyr ulike land en form for "personidentifikator" ala personnummer i Norge man kan bruke for å gjenkjenne brukere på tvers av eID, eller må man manuelt legge opp støtte for å mappe flere "sub/eidas identifikatorer" mot en og samme bruker hvis en bruker ønsker bruke flere metoder for å autentisere? Vi er også nysgjerrige på hvordan vi kan persistere informasjon på en enkelt person (bla for å følge med på bruk av visse ressurser over tid)

A: Sjå svaret over. Dette er nok ulikt frå land til land, og opp til kvart enkelt land å avgjere. Nordiske og baltiske land bortsett frå Danmark sender sitt nasjonal identifikator som eIDAS-identifiser og er dermed persistent.

Q: Hva med andre bruksområder? Tenker feks på hvis vi har et skjema der man skal registrere en utenlandsk person. Da hadde det vært kjekt å kunne entydig identifisere denne personen. Dvs at man kan angi en id tilsvarende som man gjør med fødselsnummer for norske personer i dag. Vi vil også ha behov for å validere denne id'en, men det finnes kanskje ingen tjeneste for å validere om en eID er gyldig, eller?

A: Dei fleste europeiske land har ikkje sentralt folkeregister og eintydig identifikatorar for sine

innbyggjarar. Difor har me ingen persistent identifikator for brukarar frå desse landa. Elles sjå svar ovanfor.

Q: Kan vi få lenka til docs her?

A: https://docs.digdir.no/docs/idporten/oidc/oidc_func_eidas.html

Q: Ref. at land (ikke) støttet eidas-loa-high/substantial. Kan man sette begge og få tilgang til begge eller må man velge?

A: Må velje i dag, kan ikkje setje begge. Anbefaler uansett å velje lågaste nivå sidan dei aller fleste støttar eidas-loa-substantial. Dette forutset at det er vurdert som tilstrekkeleg sikkerheitsnivå for di teneste.

Her er nyttige lenker og kontaktinfo hos Digdir, vi oppfordrar til å fylgje vidare arbeid.

Digdir docs	https://docs.digdir.no/docs/idporten/oidc/oidc_func_eidas
Samarbeidsportalen	https://samarbeid.digdir.no/id-porten/id-porten/18
Digdir.no	www.digdir.no
EU	https://ec.europa.eu/digital-building-blocks/sites/display/DIGITAL/eID
Notiserte e-ID	https://ec.europa.eu/digital-building-blocks/sites/display/EIDCOMMUNITY/Overview+of+pre-notified+and+notified+eID+schemes+under+eIDAS

Kontaktinfo:

Support og integrasjon

servicedesk@digdir.no

Samarbeids-Slack

digdir-samarbeid.slack.com

(#produkt-idporten)

Abonner på Nyhetsbrev på Samarbeidsportalen. Logg inn og velg Abonner på nyhetsbrev. [Nyhetsarkiv | Samarbeidsportalen](#)

Mange takk for stort engasjement. For flere spørsmål send oss en henvendelse til

servicedesk@digdir.no